



# Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Olav Romarheim, 55 57 21 52

Vår dato  
18.02.2008  
Dykkar dato  
16.11.2007

Vår referanse  
2007/12738 523.3  
Dykkar referanse  
200701972

Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 Oslo

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2007/1972	Doknr.: 80
Mottatt: 19 FEB 2008 MP/SDD	
Saksber.: RFE	Akr.: 751
Kont:	Avskr.:

## Høring - Ny lov om dyrevelferd

### Lov om Dyrevelferd –Høyringsuttale.

Landbruks- og matdepartementet har sendt forslag til Lov om dyrevelferd.

Fylkesmannen si landbruksavdeling i Hordaland støttar i hovedsak lovforslaget, og meiner drøftingane som ligg til grunn for resultatet er grundige. Ut frå lovforslaget, som gir overordna prinsipp for dyrevelferd, vil det verta utforma nærare forskrifter.

### Kapittel II Generelle bestemmelser

#### § 5 Varslingsplikt

I lovforslaget går det mellom anna fram at varslingsplikta skal gjelda med dei avgrensingar som følgjer av anna lovgjeving.

Vi har forståing for at personar i enkelte yrkesgrupper og andre som har eit nært forhold til den som har ansvar for dyr føler ubehag ved å varsle om eventuelt vanstell og liknande. Men for å unngå dyretragediar, meiner landbruksavdelinga det ikkje skal vera unnatak frå varslingsplikta for nokon yrkesgrupper, men varslar kan velja å vera anonym.

#### § 6 Kompetanse og ansvar

Det er viktig at dyrehaldar har fagleg kompetanse til å kunna ivareta dyr si velferd. Lang røynsle, eller formell utdanning med praksis bør kunna gje den kompetansen som trengs. Kravet til kompetanse og ansvar må spesifiserast i forskrift.

#### § 8 Driftsformer, metodar, utstyr og tekniske løysingar.

Ut frå omsynet til dyrevelferd skal nye driftsformer, metoder, utstyr og tekniske løysingar vera utprøvd og funne eigna før det vert tatt i bruk. I den samanhengen bør det vera ein offentleg instans som utfører utprøving og godkjenner driftsformer, metodar, utstyr og tekniske løysingar før det vert tatt i bruk.

Produsentar og importørar av utstyr og tekniske løysingar skal ha det økonomiske ansvaret for utprøvinga og godkjenninga av sine produkt.

## § 15 Bygningar, gjerder og andre mindre innretninger.

Fylkesmannen si landbruksavdeling støttar at det vert forbod mot bruk av piggråd får å regulera dyra sin ferdsel.

## Kapittel III. Hold av dyr.

### § 22 Dyrs levemiljø.

Landbruksavdelinga støttar at - ”adgang til egnet og trygt tilholdsrom utenom beiteperioden ” vert innført i lova.

Mange stader i ytre strøk på vestlandet er klimaet så mildt at dei fleste dyra kan vera ute utanom ordinær beiteperiode. Vind og regn kan likevel vera eit problem.

Forskrift må regulera kva krav som trengs til opphaldsrom ut frå klimatiske tilhøve på staden.

## Kapittel VI Administrative bestemmelser og sanksjoner.

### § 32. Tilsyn og vedtak.


Beiting i utmark utgjør for mange ein stor del av førgrunnlaget på garden; og i utskiftningensforretningen på dei einskilde bruka er det tatt omsyn til førresursane i utmarka. Beiterestriksjonar for å verna husdyr mot rovvilt vil vera eit stort tap for dei som nyttar seg av beiteressurseane. Slike restriksjonar må vera siste utveg når andre førebyggjande og konfliktdempande tiltak er prøvd, men utan positivt resultat.

Ved beiterestriksjonar må det verta gitt fullstendig kompensasjon til brukaren og ingen eigendel. Vedkommande får ekstra arbeid med sanking utanom vanleg sanketid, ekstra gjerdehald, større smittepress på innmarksbeite, redusert føravling, utgifter til førkjøp, eventuelt nedslaking av dyr m.m, og i verste fall avvikling av husdyrhaldet.

Dyrevernemnder slik dei er oppnemnd og fungerer, må framleis vera tilsynsorgan.

Fylkesmannen si landbruksavdeling i Hordaland har elles ikkje kommentarar til lovforslaget og meiner lovforslaget er godt. Det tar omsyn til dyrevelferd og respekt for dyr på ein positiv måte. Lovforslaget bør kunna føra til lettare å ivareta dyra sitt vern og velferd.

Detaljane i dei enkelte §§ vert heimla i forskrifter.

  
Åse M. Vaag  
Ass.landbr.dir

  
Olav Rømarheim  
fylkesagronom